



# MÅLBRUKSPLAN FOR SULDAL KOMMUNE

Vedteken av Suldal kommunestyre 17.06.2014

*“Tenk som dei kloke, tal og skriv som dei enkle.”*

*(Aristoteles – over 2000 år sidan)*

## 1. Bakgrunn

Det offisielle styringsmålet i Suldal er nynorsk. Også intern kommunikasjon i kommunen skal vera på nynorsk. Kommunen har vedteke etter lov om målbruk i offentleg teneste paragraf 5 å krevja nynorsk i skriv frå statlege organ. Nynorsk er også opplæringsmål i skulane. Dialekten og nynorsk er ein del av den lokale kulturen. Eit godt feste i ein dialekt, gjev identitet og sjølvkjensle. Kommunen oppmodar difor til vern om dialektane gjennom levande og medviten bruk.

## 2. Språkpolitiske mål

Skriftspråket som blir brukt i kommunen skal vera så godt og variert som råd er – og det må gjerne liggja nær opp til talemålet i kommunen. Kommunen ønskjer å bruka eit enkelt, klart og brukarvenleg språk.

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna blir lagt i barnehagane og skulane. Det er difor viktig at kommunen har språkmedvitne medarbeidarar på desse stadene. Særleg er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande. Nynorsk og dialekt må nyttast mest mogeleg i songar, opplesing, leikar og liknande.

Skuleadministrasjonen og rektorane har eit særleg ansvar for å gjera dei tilsette kjende med paragraf 40 i lov om grunnskulen. Der heiter det at læraren i ordtilfang og uttrykksmåte skal ta omsyn til talemålet til elevane. Det same gjeld tilsette i barnehagane.

Norskopplæring av framandspråklege skal vera på nynorsk. Ansvarlege for opplæringa må saman med andre kommunar og samarbeidspartnarar arbeida for at staten syter for at opplæringsmaterieell blir tilgjengeleg på begge målformer, slik at framandspråklege ikkje blir diskriminerte.

### 3. Retningslinjer for skriftspråket i kommuneadministrasjonen

Det er viktig at medarbeidarane skriv eit klart og forståeleg språk utan innfløkt setningsbygnad og mange framandord. Språket blir lettare og meir naturleg om me brukar ei personleg form – *me* eller *eg* i staden for *ein*.

Bruk ikkje framandord der norske ord gjer same nytten og skaper eit naturleg og skjønleg språk. Forkortingar gjer at lesinga stoppar opp og skaper vanskar for forståinga av teksten. Unngå dette så langt som råd.

### 4. Tiltak

- Suldal kommune skal bruka medlemskapen i Landsmanslutninga av nynorsk-kommunar aktivt og nytta seg av deira kompetanse i språkspørsmål.
- Alle tilsette som jobbar med språket skal få tilbod om kurs og rettleiing i god språkbruk. Andre tilsette kan òg bli med på slike kurs om dei ønskjer.
- I kommuneadministrasjonen skal det vera fleire personar med språkleg kompetanse som tilsette er kjent med og kan venda seg til for å be om råd og hjelp. Kunngjeringar og skriv som skal ut til eit breitt publikum, bør lesast gjennom av andre som kan vurdere seiemåtar og rettskriving.
- I utlysingar av stillingar skal det stå at administrasjonsspråket er nynorsk.
- Alle kontor skal ha tilgang på nynorsk ordliste – gjerne etter opplegget: Kva heiter det på god norsk /nynorsk.
- Kommunen skal arbeida for at skjema, blankettar, kvitteringshefte og liknande som blir brukte i kommunen er på nynorsk.
- I skular og barnehagar skal ein først og fremst nytta materiell, både skriftleg og munnleg, som er laga på nynorsk.
- Tilsette skal arbeida for at eigna opplæringsmateriell på nynorsk ligg føre til alle grupper og innbyggjarar.
- Tilsette skal følgja med på at lokale, regionale og sentrale statsorgan tek omsyn til vedtak som gjeld for målbruk i Suldal kommune.
- Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggja på lokal namnetradisjon. Lov av 18. mai 1990 gjev reglar for fastsetjing av skrivemåten for stadnamn.
- Alle kommunale og andre offentlege skilt skal vera på nynorsk. Likeeins skal oppslag og plakatar i kommunale bygg vera på nynorsk, så langt det let seg gjera.
- Bruken av informasjonsteknologi (IT) i kommunen skal så langt råd er tilpassast den vedtekne målbruksplanen.

## 5. Er du i tvil ? Slik seier me det i Suldal

Skriftspråket i kommunen bør liggja nært opp til suldalsmålet for å ta vare på kulturen og styrkja identiteten. Dei som har sterke band til annan dialekt, og det ligg naturleg å skriva eit godt nynorsk ut frå den, kan gjera det. For andre som er meir usikre, kan det vera greitt å halda seg til ein normal som ligg opp mot dialekten me snakkar i Suldal.

I dialekten brukar me :

- a-infinitiv – og ikkje e-infinitivsending på verb
- skule – og ikkje skole
- me – og ikkje vi

Nyttige ord som kan erstatta bokmålsorda:

- stadfesting – i staden for bekræftelse/bekrefting
- handsaming – i staden for behandling (om saker, ikkje sjukdom)
- føremål – i staden for formål
- vilkår – i staden for betingelse/betinging
- røynda – i staden for verkeligheten
- i samband med – i staden for i forbindelse med
- utrekning – i staden for berekning
- førespurnad – i staden for forespørsel eller henvendelse
- avgjerd – i staden for bestemmelse
- tilrå / rå til – i staden for anbefale

Nyttig side på Språkrådet:

[http://sprakradet.no/Sprakhjelp/Raad/Fra\\_bokmaal\\_til\\_nynorsk/](http://sprakradet.no/Sprakhjelp/Raad/Fra_bokmaal_til_nynorsk/)

Denne lista kan fyllast på om du kjem på ei god erstatning for eit dårleg nynorskord.